



Instruktørproblemet for aerobic-gruppa er løyst. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Janne Hjørnevåg har takka av som leiar for turngruppa og Therese Tomsdatter Haugland har teke over.

Ho opplyser at det til veka blir oppstart etter jule- og nyttårsferien. Det gjeld for alle, også for aerobic som før jul mangla instruktør og var i fare for å måtte leggja inn årene.

No er saken ordna, det er fleire som vil ta eit tak som instruktørar og dei vil jobba på omgang.

Programmet blir dermed slik:

Måndagar: Step 19.00-20.15

Onsdagar: Barnetrim 3-6 år 17.00-18.00

Idrettsskule 1-4 klasse 18.00-19.00

Aerobic 20.00-21.15

Torsdagar: Gymstick 19.30-20.30

Det konstituerte, nye styret ser elles slik ut:

Nestleiar Hanne Saghaug Kroka, styremedlemmer Tone Huse Kristoffersen, June Løland, Gina Ness Valvatna, Åshild Haukenes og Britt Oddrun Stensletten.